



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Tysdag 22. februar 2022 kl. 1800-2030

Stad: Rådhuset i Odda

Desse møtte: Jan Asbjørn Utne, Eivind Tokheim, Jarle Rasmussen, Synnøva Sæbø, Hildegunn Espe

Forfall: Johnny Vikne

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Publisert 8.3.2022

Saker til styremøtet:

UFS 01/22: Orientering

UFS 02/22: Felles saker med Røldal fjellstyre

UFS 03/22: Rekneskap 2021

UFS 04/22: Årsmelding 2021

UFS 05/22: Prisar 2022

UFS 06/22: Elgjakta 2022-2023

UFS 07/22: Budsjett 2022

UFS 08/22: Møteplan 2022

UFS 09/22: Forsyningar/arbeid på hyttene vinteren 2022

UFS 10/22: Eventuelt

Jan Asbjørn Utne /s/

Eivind Tokheim /s/

Hildegunn Espe /s/

Jarle Rasmussen /s/

Synnøva Sæbø /s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Ullensvang kommune

Hardanger Folkeblad



UFS 01/22: Orientering

Saksdokument:

Postliste:

2021.11.12-145.9.SpareBank 1-Stiftinga Kvinnherad - Avslag på søknad om midlar

2021.12.01-017.8 Øvre Numedal fjellstyre - Møtebok 23.11.21

2022

2022.01.06-642.1 Ullensvang fjellstyre - Fordeling av overskot av fellesfiskekortet 2021

2022.01.07-017.8 Røldal fjellstyre - Førespurnad om samarbeid

2022.01.11-032 Ullensvang kommune - Tilskot til husleige 2021

2022.01.12-145.9 Ullensvang fjellstyre - Oppmoding om sluttutbetaling frå Grunneigarfondet-prosjekt fiskeforbetrande tiltak

2022.01.17-141-9. Ullensvang fjellstyre - Svar på søknad om tilskot til 40-årsmarkering for Hardangervidda nasjonalpark

2022.01.25-145.9 Ullensvang fjellstyre - Utbetalingsanmodning spelemidlar uthus Bjørnavassbu

2022.01.27-145.4. Ullensvang fjellstyre-Søknad om midlar frå Grunneigarfondet 2022

2022.02.07-001.3 Viken Fylkesraad - Varsel om oppstart Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

Referat:

Kort gjennomgang av postlista.

Vedtak (sak UFS 01/22):

Fjellstyret tek meldingane til orientering.



UFS 02/22: Felles saker med Røldal fjellstyre

Saksdokument:

02-22 Førespurnad om samarbeid mellom Røldal og Ullensvang FS

Saksutgreiing:

Røldal fjellstyre har kome med ein førespurnad til fjellstyret om å samarbeide om ein del saker. Leiar i Røldal fjellstyre orienterer på møtet.

Tema:

- Endre «Forskrift til lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, Odda kommune, Hordaland»
- Evaluering etter fjorårets samjaktavtale
- Innspel frå Ullensvang FS til Røldal FS sine ynskje vedrørande fiskekultivering i grensevatna
- Endra jakttid for elg, hjort og rådyr i statsallmenninga

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Tor Helge Haara Tjemsland orienterte om fyljande tema:

- Lokal forskrift til lov om motorferdsel
 - o Ullensvang fjellstyre er samd med Røldal fjellstyre om å oppfordre kommunen om å oppheve forskrifta.
 - o Sekretær for Ullensvang fjellstyre lagar eit skriv til kommunen frå begge fjellstyra.
- Evaluering etter fjorårets samjaksavtale:
 - o Kort diskusjon om erfaringar frå samjaksavtala i 2021.
 - o Ein kjem tilbake til eventuell samjaksavtale for 2022.
- Fiskekultivering i grensevatna:
 - o Røldal fjellstyre arbeider med ein driftsplan der dei legg opp til i framtida å halde fram med fiskeutsetting i Holmavatnet, men ikkje sette ut meir fisk i Tangesjøen.
 - o Ullensvang fjellstyre lagar ein uttale som støttar Røldal fjellstyre sine planar for Tangesjøen og Holmavatnet.



- Endra jakttid for elg, hjort og rådyr i statsallmenningen:
 - o Røldal fjellstyre ynskjer at Ullensvang fjellstyre er med på å søkje om dispensasjon frå jakttidsramma for å kunne starte elgjakt samtidig som reinsjakta startar.
 - o Ullensvang fjellstyre meiner det i utgangspunktet er positivt viss elgjakta kan starte tidlegare, men ynskjer å ivareta alle interesser – som t.d. reinsjakta.
 - o Det blir sett opp ei sak på neste møte der ein ser på ei eventuell tidlegare start av elgjakta i samanheng med andre interesser. Det blir gjort ei vurdering av moglegheit for å lage fredingssoner i elgjakta tilsvarande som fredingssonene i reinsjakta.

Vedtak (sak UFS 02/22):

Fjellstyret jobbar vidare med sakene som nemnt i referatet.

UFS 03/22: Rekneskap 2021

Saksdokument:

- 03-22 Årsrekneskap 2021
- 03-22 Kontospesifikasjon 2021

Saksutgreiing:

Rekneskap 2021 er ferdig frå rekneskapsførar og er sendt til revisor.

Fjellstyret må eventuelt godkjenne rekneskapen med atterhald om godkjenning av revisor.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Rekneskapen blei gått gjennom. Postering er i all hovudsak korrekt, og fjellstyret har ingen avgjerande merknadar til rekneskapen.



Vedtak (sak UFS 03/22):

Fjellstyret godkjenner rekneskapen med atterhald om godkjenning frå revisor.

UFS 04/22: Årsmelding 2021

Saksdokument:

- 04-22 Utkast årsmelding 2021

Saksutgreiing:

Utkast til årsmelding ligg vedlagt saka.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kort gjennomgang av utkast til årsmelding.

Vedtak (sak UFS 04/22):

Fjellstyret godkjenner årsmeldinga for 2021.



UFS 05/22: Prisar 2022

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Prisane for stongfiskekort blei i 2021 justert opp til den nye prisramma.

Prisane for småviltjakt blei justert opp i 2021 (til prisramma for dagskort, ikkje til prisramma for vekeskort og sesongkort).

Kategori reinskort i år er ikkje klar. Viss det blir kortkategoriar bukk og fritt dyr som i fjor er prisane frå 2021 samanliknbare. Sist det var «vanlege» kortkategoriar var i 2018, då hadde Ullensvang fjellstyre fyljande prisar til innanbygds (dobbel pris for utanbygdsbuande):

Fritt dyr: 1900,-

Simle/ungdyr: 1200,-

Kalv: 600,-

Prisar 2021:

	Gjeldande prisar	Prisramme
Stongfiske		
Døgerkort stongfiske	kr 110	kr 110
2-døgerskort stongfiske	kr 190	
3-døgerskort stongfiske	kr 290	
Vekeskort stongfiske	kr 390	kr 390
Sesongkort stongfiske	kr 790	kr 790
Vekeskort garnfiske utanbygdsbuande	kr 600	Inntil tre gonger prisramma
Vekeskort fiske innanbygdsbuande	kr 300	Inntil tre gonger prisramma
Familiekort sesong innanbygdsbuande	kr 500	Inntil tre gonger prisramma
Sesongkort fiske innanbygdsbuande	kr 450	Inntil tre gonger prisramma
Småviltjakt for innanbygdsbuande		
Dagskort	kr 140	
Vekeskort	kr 600	
Sesongkort	kr 1 100	
Småviltjakt for utanbygdsbuande		



Dagskort	kr 280	kr 280
Vekeskort	kr 1 200	kr 1 580
Sesongkort	kr 2 200	kr 2 590
Smårovviltkort sesong	kr 100	
Reinsjakt innanbygdsbuande		
Pris pr. kort (fritt dyr eller bukk, inkl. kalv)	kr 1 500	
16-19 år halv pris. Tilleggsdyr 1000,-		
Reinsjakt utanbygdsbuande		
Pris pr. kort (fritt dyr eller bukk inkl. kalv)	kr 3 000	
Prisar hytteutleige pr. person	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Trehytte	kr 100	kr 200
Steinbu	kr 90	kr 180

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var semje om å ha dei same prisane i 2022 som i 2021.

Vedtak (sak UFS 05/22):

Ullensvang fjellstyre vedtek fyljande prisar for 2022:

	Prisar Ullensvang fjellstyre 2022
Stongfiske	
Døgerkort stongfiske	kr 110
2-døgerskort stongfiske	kr 190
3-døgerskort stongfiske	kr 290
Vekeskort stongfiske	kr 390
Sesongkort stongfiske	kr 790
Vekeskort garnfiske utanbygdsbuande	kr 600



Vekeskort fiske innanbygdsbuande	kr 300	
Familiekort sesong innanbygdsbuande	kr 500	
Sesongkort fiske innanbygdsbuande	kr 450	
Småviltjakt for innanbygdsbuande		
Dagskort	kr 140	
Vekeskort	kr 600	
Sesongkort	kr 1 100	
Småviltjakt for utanbygdsbuande		
Dagskort	kr 280	
Vekeskort	kr 1 200	
Sesongkort	kr 2 200	
Smårovviltkort sesong	kr 100	
Reinsjakt innanbygdsbuande		
Pris pr. kort (fritt dyr eller bukk inkl. kalv)	kr 1 500	
16-19 år halv pris. Tilleggsdyr 1000,-		
Reinsjakt utanbygdsbuande		
Pris pr. kort (fritt dyr eller bukk inkl. kalv)	kr 3 000	
Prisar hytteutleige pr. person	Innanbygdsbuande	Utanbygdsbuande
Trehytte	kr 100	kr 200
Steinbu	kr 90	kr 180

Vedtaka om pris på jakt og fiske er gjort med heimel i Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning § 13.



UFS 06/22: Elgjakta 2022-2023

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Elgjakta skal lysast ut på nytt i år. Tidlegare har jakta blitt leigd ut for to år i slengen. Kvota i år er okse og kalv, og i 2023 ku og kalv.

Elgjakt på statsallmenning blir regulert av [fjellova](#) og [forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning](#) («forskrifta»).

- Jakta skal lysast ut for inntil fem år i slengen.
- Elgjakt på statsallmenning skal lysast ut på ein slik måte at det blir gjort kjent for alle busette i Noreg. Fjellstyret har tidlegare vore med på ei fellesordning for trekking og tildeling av jakta i regi av Inatur/fjellstyresambandet, som har fungert bra. Fjellstyresambandet tek eit gebyr på 2,5% av omsetninga for elgjakta for denne jobben.
- Det skal vere ei rimeleg fordeling mellom innan- og utanbygdsbuande, jf forskrifta – dvs. at inntil 60 prosent av kort og fellingstillatelsar kan gå til innanbygdsbuande. I praksis betyr det at det må lagast ein plan over fleire år som viser korleis fjellstyret opprettheld fordelinga mellom utanbygdsbuande og innanbygdsbuande jaktlag. Fjellstyret laga ein 10-årsplan for perioden fram til og med 2021. Jaktlag blir rekna som innanbygdsbuande dersom fleire enn halvparten av medlemmene på jaktlaget, inklusive jaktlagsansvarleg, er innanbygdsbuande.
- For elgjakt på statsallmenning er det kommunegrensene pr. 28. oktober 2015 som definerer kven som er innanbygdsbuande, jf forskrifta § 3 fyrste ledd. Valdet ligg i heilheit i gamle Ullensvang herad, så det er innanbygdsbuande i Ullensvang herad fram til kommunesamanslåinga som er innanbygdsbuande i denne samanheng.
- Betalinga for jakta har tidlegare blitt delt inn i ei grunnavgift som blir betalt i førekant av jakta, og eit oppgjør for eventuelt felte dyr (med fråtrekk av grunnavgifta) basert på snittvekter frå tilliggjande jaktvald. Prisane for perioden 2020-2021 blir foreslått vidareført til ein ny toårsperiode.
- Dei generelle bestemmelsane opnar for at fjellstyret kan godta endringar i samansetninga i jaktlaget etter at jaktlaget er tildelt jaktfelt (punkt 2 d). For å unngå at innanbygdsbuande jaktlag som er tildelt jakta som eit resultat av prioritet i trekkinga i praksis endrar status ved å legge til utanbygdsbuande jegerar blir det foreslått eit tillegg til punkt 2 d som regulerer dette.



Framlegg til vedtak:

- Inatur/Norges fjellstyresamband får fullmakt til å gjennomføre trekking og tildeling av elgjakta for åra 2022 og 2023.
- Dei generelle retningslinjene for elg- og hjortejakt i statsallmenning blir gjort gjeldande for elgjakta på Ullensvang statsallmenning for åra 2022 og 2023, med fyljande endringar:
 - Tillegg til punkt 2 d):
 - Når jakta er tildelt innanbygdsbuande jaktlag som eit resultat av prioritet i trekkinga (jf. 10-årig plan), tillet ikkje fjellstyret at det blir lagt til utanbygdsbuande jegerar på jaktlaget.
 - Punkt 4 Veiing/kontroll blir erstatta av fyljande tekst:
 - Oppgjer for felte dyr skal skje etter fyljande middelvekter:
 - Kalv: 60 kg
 - 1 ½-åring: 125 kg
 - Vaksen ku: 161 kg
 - Vaksen okse: 190 kg
- Fjellstyret vedtek fyljande grunnavgift i 2022 og 2023:
 - Grunnavgift kalv: 2.500,-
 - Grunnavgift ku: 3.000,-
 - Grunnavgift okse: 3.500,-
- For felte dyr blir grunnavgifta trekt frå, og oppgjer for felte dyr blir gjort etter fyljande prisar:
 - Alle kategoriar dyr: 75 kr/kg
 - Fellingsavgift til kommunen kjem i tillegg.
- Jaktlaget skal registrere «sett elg» og fellingsdata på Hjorteviltregisteret innan 14 dagar etter avslutta jakt.
- Fjellstyret vedtek fyljande 10-årsplan for fordeling av jakta mellom innanbygdsbuande og utanbygdsbuande gjeldande frå 2022 til 2031 (jf. forskrifta § 2):

Periode	Prioritet i trekkinga
2022-2023	
2024-2025	
2026-2027	
2028-2029	
2030-2031	



Vedtaket blir gjort med heimel i § 8 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning

Referat:

Fjellstyret stiller seg bak framlegg til vedtak. Fjellstyret gjev innanbygdsbuande prioritet i trekkinga i tre av dei fem 2-årsperiodane frå 2022, med fyrste periode med prioritet innanbygdsbuande, deretter annakvar periode.

Vedtak (sak UFS 06/22):

- Inatur/Norges fjellstyresamband får fullmakt til å gjennomføre trekking og tildeling av elgjakta for åra 2022 og 2023.
- Dei generelle retningslinjene for elg- og hjortejakt i statsallmenning blir gjort gjeldande for elgjakta på Ullensvang statsallmenning for åra 2022 og 2023, med fyljande endringar:
 - Tillegg til punkt 2 d):
 - Når jakta er tildelt innanbygdsbuande jaktlag som eit resultat av prioritet i trekkinga (jf. 10-årig plan), tillet ikkje fjellstyret at det blir lagt til utanbygdsbuande jegerar på jaktlaget.
 - Punkt 4 Veiing/kontroll blir erstatta av fyljande tekst:
 - Oppgjer for felte dyr skal skje etter fyljande middelvekter:
 - Kalv: 60 kg
 - 1 ½-åring: 125 kg
 - Vaksen ku: 161 kg
 - Vaksen okse: 190 kg
- Fjellstyret vedtek fyljande grunnavgift i 2022 og 2023:
 - Grunnavgift kalv: 2.500,-
 - Grunnavgift ku: 3.000,-
 - Grunnavgift okse: 3.500,-
- For felte dyr blir grunnavgifta trekt frå, og oppgjer for felte dyr blir gjort etter fyljande prisar:
 - Alle kategoriar dyr: 75 kr/kg
 - Fellingsavgift til kommunen kjem i tillegg.
- Jaktlaget skal registrere «sett elg» og fellingsdata på Hjorteviltregisteret innan 14 dagar etter avslutta jakt.



- Fjellstyret vedtek fyljande 10-årsplan for fordeling av jakta mellom innanbygdsbuande og utanbygdsbuande gjeldande frå 2022 til 2031 (jf. forskrifta § 2):

Periode	Prioritet i trekkinga
2022-2023	Innanbygds
2024-2025	
2026-2027	Innanbygds
2028-2029	
2030-2031	Innanbygds

Vedtaket blir gjort med heimel i § 8 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.

UFS 07/22: Budsjett 2022

Saksdokument:

- 07-22 Utkast budsjett 2022

Saksutgreiing:

Utkast til budsjett ligg vedlagt saka.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Fjellstyret gjer fyljande endringar på framlegg til budsjett:

Driftskostnad	Sum
Propan	Kr 12 000
Leige lokale	Kr 35 000
Vedlikehald/drift hytter	Kr 200 000
Innkjøp/vedlikehald båtar	Kr 40 000
Vedlikehald påhengsmotorar	Kr 5 500
Aviser, tidsskrift, bøker o.l.	Kr 10 000
Fiskeprosjektet	kr 20 000
Fiske- og friluftsprosjektet	Kr 88 0000

Vedtak (sak UFS 07/22):

Budsjettet blir vedteke med endringane nemnt i referatet.



UFS 08/22: Møteplan 2022

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Behovet for møte kan vere vanskeleg å stipulere, sidan det normalt dukkar opp saker i løpet av året. Eit minimum vil vere eit møte med årsmelding, rekneskap og budsjett i februar, eit møte for fastsetting av diverse rundt reinsjakta, til dømes i slutten av mars, og eit møte etter jakta.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Fjellstyret legg opp til fyljande førande møteplan:

- Tysdag 22. mars
- Eit møte i løpet av mai, blant anna for handsaming av uttale til reguleringsplan for gondolbanen. Dato for dette møtet blir sett seinare.
- Eit møte på hausten etter reinsjakta. Dato for dette møtet blir sett seinare.

Vedtak (sak UFS 08/22):

Fjellstyret tek utgangspunkt i den førande møteplanen nemnt i referatet.



UFS 09/22: Forsyningar/arbeid på hyttene vinteren 2022

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Planlegging av drift og klargjering av hyttene fram til utleigesesongen.

- ved og gass
- forbruksmateriell
- vask- og vedlikehaldsbehov
- anna

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kort gjennomgang av aktuell transport og arbeid på hyttene i vinter. Ansvar og plan for ved/gass mm er fordelt for Bjørnavassbu, Persbu, Belebu og Raudåna.

Sekretær vurderer kapasitet i fjelloppsynet for eventuell transport av ved/gass til Hansbu og naustet, og/eller skifte av vindauge og dører på Ullsbu. Sekretær og Jan Asbjørn har ein dialog om dette utover vinteren.

Vedtak (sak UFS 09/22):

Transport og arbeid i vinter blir gjennomført som nemnt i referatet.



UFS 10/22: Eventuelt

Sekretær undersøker kva krav det blir stilt til fjellstyret når det gjeld deponering avfall frå utedo på fjellstyrehyttene. Fjellstyret får ei tilbakemelding om dette.

Fjellstyret ynskjer at det blir sendt inn søknad om midlar frå Hardangerstiftinga, Sparebankstiftinga Kvinnherad og Ildsjelfondet (Sparebanken Vest) no i vår. Aktuelle prosjekt å søke om midlar til er:

- Utvida solcelleanlegg med batteri for å kunne driva fryseboksane på straum i staden for gass (Hardangerstiftinga og Sparebankstiftinga Kvinnherad).
- Skifte av dører og vindauge Ullsbu (Hardangerstiftinga).
- Midlar til utfiskingsprosjekt for frivillige (jeger- og fiskerforeningar, men og andre). Aktuelle utgifter er helikoptertransport og innkjøp av finmaska garn (Ildsjelfondet).